



Veteran frå Uskedalen: Thomas Eik (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag er freds- og veterandagen og den blir avvikla etter den oppsette planen. Men påmeldinga er så langt dårleg til veteranreffet på Solheim Turiststasjon klokka 18. Difor oppmodar verksemdsleiar Kristian Bringedal alle veteranar om å melda seg straks.

Dette gjeld dei som har vore i FN-styrkene, Tysklandsbrigaden eller 2. verdskrig medrekna sjøfolka.

Markeringa er gratis for alle interesserte.

Rundt rekna 70 FN-veteranar frå heile kommunen er inviterte og 6 av dei er frå Uskedalen. Dei er Steinar Myklebust, Bjarne Lilleaas, Endre Nilsen, Harald Raudstein, Odd-Arne Lærum og Knut Inge Halvorsen. I tillegg kjem Thomas Eik, som var i Milorg under siste krig.



Veteran frå Uskedalen: Steinar Myklebust (Foto: Ola Matti Mathisen)